



Meland kommune

Tilleggsinnkalling til Kommunestyret

Møtedato: 27.09.2017
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 15.00

Eventuelle forfall må meldast til Randi Helene Hilland per tlf. 56171034, sms til eller per epost til randi.hilland@meland.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
94/2017	Revidert planprogram for kommunedelplan E39 Flatøy - Eikefettunellen

12. oktober 2017

Øyvind H. Oddekalv
ordfører

Randi Helene Hilland
konsulent

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nåmdal	FE - 143	15/3118

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
94/2017	Kommunestyret	PS	27.09.2017

Revidert planprogram for kommunedelplan E39 Flatøy - Eikefettunellen

Vedlegg:

Kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefettunellen

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Statens vegvesen har med heimel i plan- og bygningslova § 3-7 utarbeidd framlegg til planprogram for kommunedelplan for ny E39 på strekninga Flatøy-Eikefettunellen i kommunane Lindås og Meland. Formålet med planarbeidet er å vedta ein framtidig vegkorridor for E39 mellom Flatøy og Eikefettunellen. Planprogrammet gjev rammer og premisser for arbeidet med sjølv kommunedelplanen. Planprogrammet gjer greie for formålet med planarbeidet, målsetting for tiltaket, alternativ som skal utgreiast, planprosess, medverknad, kva som skal utgreiast og korleis dette arbeidet skal gjennomførast.

Meland kommune skal som planmynde melde oppstart på planarbeid, og etter høyring handsama planprogrammet for den delen av planen som ligg i Meland.

Det vert vist til vedlegga, planprogram og oppsummering av merknader.

Vurdering

Prosess

Oppstart av planarbeid med høyring av planprogram vart annonsert 4. november 2016 i avisa Strilen, og 5. november 2016 i avisa Nordhordland. Det vart og annonsert på nettsidene til Statens vegvesen, Lindås kommune og Meland kommune. Høyringsfrist var sett til 14.12.2016. I høyringsperioden vart det arrangert tre opne informasjonsmøte, på Frekhaug, i Knarvik og i Eikangervåg. I tillegg vart det arrangert to dagar med «ope kontor» i Knarvik. Desse arrangementa vart kunngjort med eigne annonser i lokalavisene, på nettsidene og ved oppslag på utvalde stader. Den 22. mars 2017 handsama Plan og miljøutvalet i Lindås kommune innkomne merknader og revidert planprogram datert 1.3.2016. Utvalet gjorde vedtak om å ha ei ekstra høyringsrunde av planprogrammet. Planprogrammet vart difor høyrte på ny i perioden 5. mai 2017 til 8. juni 2017. Planprogram for kommedelplan Flatøy - Eikefettunellen var til behandling i sak 40/2017 i formannskapsmøte den 29.03.17. Saka vart utsett i møte.

Det har kome inn 57 innspel i saka. Samandrag av merknader med kommentarar finn de i vedlegg med same namn, datert 25.8.2017. Her finn de og oversikt over innspela i tabellform og endringar som er gjort i planprogrammet.

Steg i planprosessen – frå planprogram til vedteke reguleringsplan

Formålet med denne politiske saka er å få eit vedtak av planprogrammet for kommunedelplanen. Tilhøve som vil ha konsekvens for val av trase; fartsgrense, vegstandard, kurvatur og kryssløysingar vert avklart i arbeidet med sjølve kommunedelplanen (sjå kap. 6 i planprogrammet). Kommunedelplanen skal fastsette ein korridor for framtidig E 39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Nærare plassering av vegen, med utgangspunkt i den fastlagte korridoren, vert gjort i arbeidet med reguleringsplanen. I arbeidet med kommunedelplanen og påfølgjande reguleringsplan vil kunnskap om verdiar og interesser i planområdet tas opp til vurdering. Avbøtande tiltak for å minske negative konsekvenser skal vurderast som ein del av planprosessen

Tilhøve til andre planarbeid

I Meland har planarbeidet konsekvens for områdereguleringa på Midtmarka og Rotemyra på Flatøy her er det kome inn to merknader i høyringa. Privatpersonen Vatnøy har mellomanna forslag om å legge E39 i tunnel over Flatøy fram til Hagelsundet, han peiker på at dette gjev mindre svingete og kortare trasé over Flatøy, samstundes som ein sparar verdifullt areal.

Kommentar frå SVV

I planprogrammet er det vist til at ny E39 over Flatøy bør ligge i dagens korridor. Det tyder ikkje det same som ei plassering i dagens trasé, men det vil vere naturleg at ny E39 vert lagt i ein lang slak høgresving fram mot brua. Det er ikkje vurdert tunnel over Flatøy, men det er klart at ei slik løysing vil kunne gje mindre trafikkareal i dagen over øya og fjerne ein barriere i høve til lokal ferdsle.

Det er og kome merknad frå Vest-Land Eigedom (VLE). Dei arbeider med ein områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy. Her er tenkt 3000 bustader og 100.000 m² med næringsareal. VLE har novarsla oppstart av utviding av planområdet for bustadområdet, i dette ligg og moglegheit for regulering av lokalveg over Flatøy. Utbygger opplyser om at planarbeidet har ambisiøse miljømål. VLE har tidlegare gjeve merknad til 1. høyring av planprogrammet, dei gjev no ny merknad for å presisere nokre av synspunkta.

Området skal byggast ut med byliknande struktur. Det er eit mål å bygge saman dei to delane til eit byområde ved å legge eit miljølokk over ein framtidig E39. VLE ber om at det vert opna for ; ein enklare og mindre arealkrevjande kryssutforming der ein unngår bruk av store rundkøyningar for fordeling av trafikk på Midtmarka- og Rotemyrsida av krysset.

- å bygge lokk over, eller ein ny undergang under, E39 mellom Midtmarka og Rotemyra for å gjere det enklare og meir attraktivt å bevege seg mellom dei to delane. Miljølokket er ikkje tenkt med bygningar oppå.
- reduksjon av byggegrensene mot E39 for næringsbygningar. Ein meiner at det vil vere uheldig om barriereverknaden E39 representerer vil bli forsterka av at avstanden mellom bygga på kvar side av vegen blir meir enn 100 meter.

- Ein meiner vidare at det må etablerast haldeplassar for kollektivtrafikken langs E39 i tilknytning til krysset som skal etablerast på Midtmarka/Rotemyra. Haldeplassen må ha godt tilgjenge frå Midtmarka/Rotemyra. Det er ynskjeleg at det vert mogleg å regulere ny E39 gjennom planområdet i tilknytning til planarbeidet for Midtmarka/Rotemyra, så snart det er hensiktsmessig i høve til framdrift for kommunedelplanarbeidet for E39.

For første utbyggingsfase ynskjer ein at det vert gode og fullverdige midlertidige løysingar, og at dagens etablerte løysing med av- og påkøyring ved den nye parkeringsplassen i Midtmarka vert tilkomst frå Knarvik og påkøyring til E39 mot Frekhaug og Bergen. Dette kombinert med ein lokalveg frå søre del av Flatøy som seinare kan verte utvikla til ein parallell lokalveg over Flatøy og fram til eksisterande Hagelsundet bru når den nye E39 står ferdig.

SVV sin kommentar:

Vist trase er å oppfatte som ein korridor, nærare plassering av vegen innanfor korridoren vert avklart i vidare planarbeid. Innspel knytt til tilbod for gåande og syklande over Hagelsundbrua vert med i det vidare arbeidet med skisseprosjekt for ny Hagelsundbru. I trafikkanalysane vil ein ta omsyn til planlagt utbygging, og at det vert høg bruk av gang- og sykkel frå planområdet. Det er naturleg at det vert lagt til grunn fullverdig gang- og sykkeltilbod i området Flatøy-Knarvik.

Når det gjeld innspel om å ta med regulering av E39 over Flatøy som del av reguleringsplan for Midtmarka/Rotemyra må det vurderast uavhengig av dette planprogrammet.

Det er i utgangspunktet halvt kryss som skal vurderast, men i kommunedelplanen må ein vurdere korleis dette fungerer i forhold til kollektivtrafikken og utbygginga på Flatøy. Denne presiseringa vert lagt inn i planprogrammet kap 7.2. Kombinasjon av fullt kryss, miljølokk og to bruer vil vere særskilte krevjande og kostbart. For å sikre god kontakt mellom dei to sidene som ligg på kvar si side av E39, vil ei løysing utan kryss i området kunne vurderast i det vidare planarbeidet. Ein står då og friare i utforming av lokalvegnettet i området og kan vurdere miljølokkløysingar nærare. Etappevis utbygging vert vurdert nærare i neste planfase. Innspela i merknaden vert teke vidare der.

Rådmannen vil sørge for ei best mogleg kopling mellom planarbeidet på Flatøy og arbeidet med KDP E 39 Flatøy-Eikefettunnelen.

I innspela generelt til planprogrammet er det kome fram mykje informasjon som kan nyttast vidare i planarbeidet. Mange innspel gjeld forhold som allereie var ivaretekt i høyringsutgåva av planprogrammet. Nokre presiseringar er imidlertid gjort i revidert planprogram datert 25.8.2017, som følgje av informasjon framkome under høyring. Presiseringane er berre knytt til enkelttema og endrar ikkje planprogrammet sitt innhald.

Når det gjeld kva alternativ som skal greiast ut stadfester innspela at ein ny veg kan vere konfliktfylt uansett kva bygd eller område som vert råka. Informasjonen som kjem fram stadfester og konfliktpotensialet som vert peikt på i silingsrapporten. Statens vegvesen vil fortsette utgreiingane av dei tilrådde alternativa, for å få ei systematisk vurdering av fordeler og ulemper i samsvar med planprogrammets utgreiingsprogram.

Planområdet og korridorar som skal greiast ut er vist på side 8 i planprogrammet. Vi vil og vise til kapittel 6. som tek føre seg dei ulike delane av tiltaket.

Medverknad

Rådmannen meiner det er viktig at intensjonen i planprogrammet, om ein open prosess med låg terskel for medverknad, vert følgt opp på ein god måte. For å sikre dette, vil rådmannen tilrå at Statens vegvesen, i samarbeid med kommunen, utarbeider eit meir detaljert opplegg for medverknad. Det er viktig for å sikre god informasjonsflyt og medverknad i arbeidet med KDP, og ein plan for dette må på plass så tidleg som mogleg i planprosessen. Aktuelle stikkord er å avklare møtepunkt med aktuelle aktører, tidspunkt i planprosessen for når berørte parter kan få informasjon om planarbeidet, samt plan for å handtere grunneigarinteresser.

Konklusjon

Planprogrammet vert godkjent slik det ligg føre. Det vert utarbeida ein detaljert plan for medverknad.

Framlegg til vedtak:

Meland kommunestyre fastset planprogram for kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefettunellen, revidert 25.08.17. Ein detaljert plan for medverknad må utarbeidast. Vedtaket er gjort i samsvar med plan og bygningslova § 4.1